



Arkivsak-dok. 20/01705-3
Saksbehandler Sveinung Talberg

Saksgang	Møtedato	
Kommunestyret	15.10.2020	78/20

Saksframlegg

Kontrollutvalet sitt forslag til plan for eigarskapskontroll 2020 - 2023 Aukra kommune

Kontrollutvalet si innstilling:

1. Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune si plan for eigarkapskontroll for perioden 2020-2023 som omfattar følgjande Aksjeselskap:
 - Aukra Industrieiendom ASAndre selskap:
 - Romsdal Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (RIR)
 - Molde og Romsdal Havn IKS
2. Kontrollutvalet gjennomfører ein avgrensa kontroll for å vurdere om det er behov for å gjennomføre forvaltningsrevisjon i nokre av kommunen sine selskap eller interkommunale samarbeid. Om kontrollen viser eit slikt behov, kan kontrollutvalet velje å prioritere å gjennomføre slik forvaltningsrevisjon saman med eventuell eigarskapskontroll.
3. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere rekkefølga mellom eierskap og selskap som er omtalt i planen.
4. Dersom det oppstår noko uforutsett i planperioden, kan kontrollutvalet prioritere andre eierskap og selskap enn det som framgår som tema jf. Pkt. 1.

Bakgrunn

Kontrollutvalget sine oppgåver ved eigarskapskontroll følgjer av kommunelova §§ 23-2, 23-4 og Forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 4 og 5.

Kontrollutvalet skal rapportere gjennomførte eigarskapskontrollar og resultatata frå desse til kommunestyret, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 4.

§ 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet

Kontrollutvalget skal påse at: d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)

§ 23-4. Eierskapskontroll

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

I kontrollutvalgs møte 18.11.2019, bestilte utvalet ein risiko- og vesentlegvurdering frå revisjonen av kommunen sine eigarskap for å finne ut kvar det er størst behov for eigarskapskontroll.

Møre og Romsdal Revisjon SA leverte den 01.07.2020 rapporten «Risiko- og vesentlighetsvurdering – Grunnlag for plan eierskapskontroll 2020-2023 Aukra kommune». Rapporten skal danne grunnlag for denne saka som skal munne ut i ei Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2023. Plana skal endeleg vedtakast av kommunestyret innan utgangen av 2020, og skal danne grunnlag for bestilling av eigarskapskontrollar.

Vurdering

Revisjonen skriv i sin rapport at risiko- og vesentlegvurderinga bygger på informasjon om Aukra kommune frå oversikt over selskap som kommunen eig og informasjon i eigarskapsmelding 2011.

Prosjektet vart starta med eit møte med kommunedirektør. I møtet ga revisjonen informasjon om prosjektet. Vidare vart det avklart korleis tilsette i kommunen skulle involverast og korleis opplysningar om kommunen si verksemd skulle innhentast. Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen sine eigarskap, grunnlag for plan for eigarskapskontroll 2020-2023, vart sendt til Aukra kommune ved kommunedirektør for faktasjekk den 23.06.2020. Den 01.07.2020 kom svar frå Aukra kommune om at dei ikkje hadde merknader til dokumentet.

I NOU 2016:4 Ny kommunelov er det eit eige kapittel om kommunane si styring og kontroll med eksternt verksemd (kap. 27.)

I kap. 27.4.4, kommer det frem følgende; «*Oppfølging av kommunens deltakelse i selskaper har nok mange ganger vært mangelfull. Selskaper forvalter ofte store verdier og yter mange sentrale oppgaver på vegne av kommunen. Det er derfor ikke bare viktig at kommunen etablerer gode rutiner for eierstyring, men at kommunen også kontrollerer at den som utøver kommunes eierinteresser i et selskap, gjør dette i tråd med kommunestyrets vedtak, aktuelle lovbestemmelser og så videre.*»

Det står vidare i kap. 27.4.4.2... «Det er også ofte eierskapskontroller som avdekker behov for å gjennomføre forvaltningsrevisjon i selskaper. Utvalget vil vidare understreke at mange selskaper blir eid av flere kommuner i fellesskap. Det er derfor viktig at eierskapskontrollen i disse selskapene samordnes».

Kommunelova bestemmer i § 26-1 om eierskapsmelding, at kommunar minst ein gong i valperioden skal utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret sjølv.

Eigarskapsmeldinga skal innehalde:

- a) kommunen sine prinsipp for eigarstyring.
- b) ei oversikt over selskap, kommunale foretak og andre verksemder som kommunen har eigaintresser eller tilsvarende interesser i.
- c) kommunen sitt formål med sine eigarinteresser eller tilsvarende interesser i verksemdene nemt i bokstav b.

Aukra kommune si eigarskapsmelding er frå 31.03.2011 og må reviderast inneverande valperiode.

Eigarskapskontrollen skal vere med på å sikre at kommunen utøver sitt eigarskap på ein profesjonell måte. Utøver kommunen sitt eigarskap i tråd med regelverk, vedtak og etablerte normer for god eigarstyring?

Det er særleg aktuelt å gjennomføre eigarskapskontroll ved å vurdere følgjande problemstillingar i det eller dei selskap kontrollutvalet veljer å gjennomføre eigarskapskontroll i:

- Korleis utøver Aukra kommune sitt eigarskap?
- Korleis utøver Aukra kommune og andre eigarkommunar sitt eigarskap i fellesskap?

Dette i høve styringsdokumentet som skal vere eigarskapsmeldinga eller andre vedtak fatta av eigar, kommunestyret.

Revisjonen har i risiko- og vesentlegvurderinga lista opp 7 risikofaktorar:

- Kommunen har utydelege prinsipp for utøving av eigarskap.
- Kommunen bryt habilitetsbestemmelsar.
- Kommunen praktiserer ikkje offentlegheit i utøvinga av sitt eigarskap.
- Formålet med eigarskapet er uklart.
- Kommunen kontrollerer ikkje om selskapet når sine mål.
- Kommunestyret sitt vedtak vert ikkje følgt av selskapet.
- Nominasjonsordninga i kommunen sikrar ikkje nødvendig samla kompetanse i styret i selskapet.

Ut frå verdi i selskap har revisjonen valgt å vurdere følgjande aksjeselskap:

• **Aukra Industrieiendom AS**

Aukra kommune har eigarandelar i nokre aksjeselskap. Kommunen er eineigar i Aukra Industrieiendom AS som vart stifta i 2019. Selskapet hadde i 2019 ein verdi på 2 mill. kroner. Det kan vere av interesse for innbygarane å få vite korleis kommunen forvaltar verdiane i selskap som kommunen eig 100%. Dette selskapet er nystarta og det vil i vere grunnlag for å undersøke selskapet når eigarskapet har vart ei stund.

Kommunen er deleigar i nokre interkommunale selskap. Enkelte av desse leverer viktige tenester til innbygarane i kommunen. Det er viktig at kommunen ivaretek sine interesser slik at innbygarane mottek tenester i henhold til dei avtalar kommunen har med selskapa.

Revisjonen sin gjennomgang viser at Romsdalshalvøya interkommunale renovasjonsselskap IKS (RIR) og Molde og Romsdal Havn IKS er viktige selskap. Kommunen har en eigarandelar i selskapa på henholdsvis 6,8 % og 12 %.

Undersøkinga er gjort i samband med at kontrollutvalet i Hustadvika kommune fekk levert overordna analyse for risiko- og vesentlegvurdering som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon, og er i tråd med ønska frå kontrollutvala i dei to dialogmøta som er gjennomført. Frå rapporten til kontrollutvalet i Hustadvika kan ein hente følgjande informasjon:

Ut frå verdi i selskap og vurdering av dei tenester som selskapa leverer til innbyggjarane og kommunen, har revisjonen valgt å vurdere følgjande andre selskap:

- **Romsdal Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (RIR)**
- **Molde og Romsdal Havn IKS**

Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap (RIR) har ansvaret for hushaldningsrenovasjon i eigarkommunane Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde og Rauma. Hovudkontoret ligg i Årødalen i Molde, der selskapet har eige deponi og avfallsmottak. Selskapet hadde 30 tilsette våren 2020. RIR er sertifisert etter standardane ISO 14001 og ISO 9001. RIR har to heileigde datterselskap. RIR næring AS som leverer avfallstenester til næringslivet, og RIR transport AS, som utfører innsamling av avfall på oppdrag frå morselskapet.

I 2011 vart det gjennomført selskapskontroll i RIR IKS.

Aukra kommune eig 7 % i selskapet og selskapet leverer viktige tenester til innbyggjarane i kommunen. Det er særleg aktuelt å vurdere konsernintern prising. Eventuelt prosjekt bør avklarast med, og om mogleg, gjennomførast saman med dei andre eigarane.

Revisjonen har innhenta styrande dokument frå RIR IKS. Revisjonen har mottatt og gått igjennom dokument knytt til:

- Skriftlege retningslinjer for konsernintern prising.
- Avtale for kjøp av konserntjenester mellom RIR IKS og RIR Næring AS for 2020.
- Faktura for kjøp av tjenester fra RIR IKS til RIR Transport AS for 2020.
- Styreinstruks for RIR IKS (vedteke 11.6.2020).
- Delegasjonsreglement (fullmaktsmatrise revidert 30.11.2018).
- Personalreglement (enkeltprosedyrer for telefonordning, gåver, permisjonar, etc.).
- Ethiske retningslinjer RIR IKS.
- Innkjøpsreglement (anskaffelsesprotokoll RIR IKS, revidert 2020).

Molde og Romsdal Havn IKS er eit samarbeid mellom Romsdalskommunane Aukra, Hustadvika, Molde, Rauma og Vestnes. Selskapet vart etablert 1. januar 2006. Målet er å bidra til å styrke regionens næringsliv ved å legge til rette for ein sikrere og meir effektiv sjøtrafikk innan cruise, gods, fiskeri og olje. Alle offentlege kaiar og terminalar inngår i det interkommunale samarbeidet. Eit utvalg av dei større kaiene er godkjent etter internasjonale tryggleiksbestemmelser, ISPS regelverket. Molde og Romsdal Havn IKS er organisert med havnerådet som øvste organ, og eit hamnestyre. Aukra kommune har ein eigarandel på 12 % og leverer viktige tenester til kommunen. Eventuelt prosjekt bør avklarast med, og om mogleg, gjennomførast saman med dei andre eigarane.

KONKLUSJON

Kontrollutvalgssekretariatet deler dei vurderingar som revisjonen har gjort med omsyn til dei eigarskap som er aktuell for eigarskapskontroll og som ein mogleg kombinasjon med forvaltningsrevisjon. Vidare bør det vurderast ein eigarskapskontroll med forvaltningsrevisjon saman med andre eigarkommunar,

men dette er ikkje avgjerande for ei bestilling hvis kontrollutvalet anser risiko og vesentlegheit som så stor at det bør gjennomførast ei bestilling på eigne vegne utan at andre eigarkommunar er med.

Dei selskap som er aktuelle for eigarskapskontroll med evt. forvaltningsrevisjon i perioden 2020-2023 er følgjande

Aksjeselskap:

- **Aukra Industriendom AS**

Andre selskap:

- **Romsdal Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (RIR)**
- **Molde og Romsdal Havn IKS**

Administrative konsekvensar

Folkehelsekonsekvensar

Økonomiske konsekvensar

Særutskrift

Vedlegg

Samla saksframlegg sak PS 35/20, Forslag til plan for eigarskapskontroll 2020-2023
Risiko- og vesentlighetsvurdering - plan for eigarskapskontroll Aukra kommune - Ferdigstilt
01.07.2020